

2020

# Etiske retningsliner for folkevalde i Voss herad





## Etiske retningslinjer for folkevalde i Voss herad

### Kvifor?

Etikk er systematisk tenking om kva som er rett og gale.

Eit sunt lokaldemokrati byggjer på eit innbyrdes tillitsforhold mellom innbyggjarane og folkevalde. Våre veremåtar, haldningar og evne til å lytta, er med på å danna grunnlaget for innbyggjarane sin tillit til kommunen. Dei etiske retningslinene skal vera køyrereglane som skal hjelpe oss folkevalde å handla rett, slik at me arbeider til det beste for fellesskapet i tråd med lover, reglar, verdigrunnlag og politiske vedtak.

### Forankring og ansvar

Med omgrepet folkevald er det også meint andre utvals- og rådsmedlemar som har verv i Voss herad.

Du som folkevald har eit personleg og sjølvstendig ansvar for å fylgja retningslinene. Dersom du er i tvil om det kan vera brot på reglane, kan du ta dette opp med ordførar. Du har rett til å nekta å fylgja pålegg som er ulovlege eller fører til brot på dei etiske retningslinene.

Ordførar har ansvar for å formidla dei etiske retningslinene til dei folkevalde, leggja tilhøva til rette for etisk refleksjon, og har gjennom ord og handling særleg stor innverknad på kulturen og normene for veremåten i organisasjonen vår.

## Etiske retningslinjer

### Tillit

- Me skal opptre på ein måte som skapar tillit hjå innbyggjarane og som ikkje skadar heradet sitt omdømme. Me skal vera rettferdige, ærlege og opne i ein kvar samanheng.
- Me lyttar til innbyggjarane og sikrar lik handsaming for alle. Me sikrar demokrati og medverknad.
- Me skal bidra til ein open og sakleg offentleg debatt.
- Dersom me har personlege verv i lag, organisasjonar eller verksemdar, skal me registrera dette i styrevervregisteret.
- Me skal ikkje utnytta vår stilling til å oppnå personlege fordelar, eller få gåver av ein art som kan påverka handlingar eller vedtak. Gåver av låg verdi som blommar, konfekt eller liknande vert ikkje omfatta av retningslinene.
- Me skal aktivt arbeida mot korrupsjon og varsla dersom ein har mistanke om at korrupsjon finn stad. Me skal ikkje påverke tilsette direkte slik at dei opplever press til å gjera vurderingar ut over dei faglege.
- Me har sjølve ansvar for å opplysa om eigen habilitet. Ved tvil rundt habilitet skal me be om vurdering. Me skal vera medvitne om rollekombinasjonar som kan føra til interessekonflikt.



## Pålitelege:

- Voss herad skal vera ein open organisasjon. I ein open organisasjon er offentlegheit og ytringsfridom viktige prinsipp for å sikra innsyn og kontroll over kommunen si verksemd.
- Me skal vera ærlege og truverdige, me skal seia i frå om kritikkverdige tilhøve og korrigera usanne opplysningar om politiske saker i samfunnsdebatten.
- Me skal vera rettvisе og føreseielege.
- Me skal som folkevalde bruka eit klart språk slik at alle kan forstå innhaldet i politikken.

## Inkluderande

- Me skal vera gode rollemodellar og syna klokskap i sosiale medium.
- Som folkevalde skal me respektera kvarandre og tilsette i heradet. Me skal ikkje opptre på ein måte som krenkjer menneskeverdet og me tek aktivt avstand frå diskriminering.
- Me skal visa toleranse for alle, uavhengig av kjønn, legning, etnisitet eller funksjonsevne.
- Me skal sikra at alle vert verdsett, respektert og får ta del i fellesskapet .
- Me skal vera imøtekomande og lyttande.
- Me skal ta vare på kvarandre.



## Etiske verktøy

### Navigasjonshjulet:

I tillegg til den etiske vurderinga, kjem også andre omsyn. Navigasjonshjulet kan vera eit hjelpemiddel for deg når du skal vurdere kva du skal gjera.

